

Opplev Gapskrattfestivalen ++
10. juli 2008

Invitasjon til bedrifter

Gapskrattfestivalen i Tresfjord samlar humørfylte menneske frå heile Midt-Norge til revykonkurranse annakvart år.

Under mottoet *ein glad medarbeidar er ein god medarbeidar* inviterar vi di bedrift til ei oppleving i særklasse. Før nøkkelmedarbeidarar blir slept på ferie og bedrifta misser kontrollen over dei, vis kor viktige dei er! Ta dei med til Tresfjord **torsdag 10. juli** på noko som sit i til langt ut i august.



www.gapskratt.no
10-12. juli 2008

Her er det vi vil de skal oppleve:

- Oppmøte i Tresfjord kl. 14.00. Transport til Kjersemfjellet. Statusheving av kvar gjest til FVP¹.
- Velkomst på fjellet ved *Bjørn Kjersem*²
- Venskapeleg kappestrid mellom bedrifter/grupper
- **Middag**
- **Humorkåseri ved Kjetil Siem**
- Farvel med fjellet ca. kl. 18, transport til Tresfjord
- Velkomst i Tresfjord fleirbrukshus
- **Revyførestillinga** startar kl. 19.00
- Etterrevyforfriskingar i serveringsteltet
- Vel heim kl. 23 - første nedtur for kvelden, men med humøret på topp!



Kjetil Person Siem er romsdaling og sjef for den sørafrikanske fotballigaen, PSL, tidlegare direktør i Norsk Toppfotball, direktør i Vålerenga Fotball, reporter i TV2 og journalist i Aftenposten. Han har skreve fleire bøker, deriblant biografien om Ole Gunnar Sol-

skjær, og boka Proff i England. Kjetil Siem er utdanna dramapedagog med spesialisering innan dokketeater. Hans mentor og forbilde i drama var skaparen av Titten Tei, tsjekkaren Karel Hlavaty. (Kjelde: Wikipedia)

Kvar bedrift/gruppe får **eigen tenar** som skal sjå til at kvar FVP får med seg alt. Det er ein viss risiko for at det kan bli overraskingar undervegs. Her ser du tenarane:



Terje Øvstedal



Anita Nyhagen



Heidi Nakken



Tormod Lien



Mette Mjelve

Om dette kostar noko? Nei, for bedrifta er dette ei investering på 1.800 kroner pr. person med stor avkasting. Ver snill å bestille i god tid før 27. juni. Det er rift om plassane!

Kontaktperson: Jorun Frostad, gapskratten@hotmail.com, mobil 905 25 795.

Velkommen til Tresfjord 10. juli!

Gapskratten held fram fredag 11. og laurdag 12. juli, ta kontakt for å bestille revybillettar.

1 FVP = Fole Viktig Person (ein/ei som aldri har opplevd kø, som har pengar, men bruker berre andre sine)

2 **Bjørn Kjersem** har gjennom tjuve år bygd opp Stall Kjersem med aktivitetar knytt til hestefag og islandshesten. På Kjersemfjellet har han bygd eit einestående overnattings- og konferansetilbod, selskapslokale og rideanlegg. (Sjå www.stall-kjersem.no)

